

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 13.03.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Halfdan Brandtzæg/Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Endra føresetnader investeringsbudsjett 2018**

**ARKIVSAK:** 2017/4266  
**STYRESAK:** **025/2018**

**STYREMØTE:** **23.03.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek sak om endra føresetnader investeringsbudsjett 2018 til orientering.
2. Administrerende direktør får fullmakt til å disponere differansen mellom budsjettert og faktisk investering i Bygg aust – om lag 10 millionar kroner til medisinsk-teknisk utstyr og bygningsteknisk infrastruktur.
3. Eit revidert investeringsbudsjett for 2018 skal leggest fram i samband med handsaminga av langtidsbudsjett 2019-2023.

## Oppsummering

Føresetnadene for investeringsbudsjettet 2018 har endra seg etter styret sitt vedtak i desember 2017. Saka gjer greie for dei viktigaste endringane og forslag til nokre nye disponeringar.

## Fakta

Styret vedtok den 15. desember i 2017 investeringsbudsjettet for 2018. Tabellen under viser det vedtekne budsjettet. Sidan desember har Helse Førde fått avklaringar rundt kostnadene til Bygg aust. Den summen som låg til grunn i budsjettet er om lag 10 mill. for høg.

<b>Investeringsbudsjett 2018 (tal i tusen kroner)</b>	
Ny MR Lærdal	8 900
Byggteknisk infrastruktur	6 700
Pasientens helseteneste, ombyggingar FSS	2 900
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	14 000
Nye Førde sjukehus	64 300
<b>Sum</b>	<b>97 800</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	21 200
IKT	1 700
Ambulansar	6 700
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>29 600</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>127 400</b>

Det investeringsnivået Helse Førde kan legge opp til baserer vi på ei kontantstraumberekning. I denne berekninga må føretaket gjere føresetnader for ulike forhold – som til dømes endeleg rekneskapsresultat og faktiske kostnader til vedtekne investeringar. Som følgje av dei endringane som vi no kjenner ved avslutninga av årsrekneskapan, har føresetnadene som låg til grunn for budsjettet vedteke i desember 2017 endra seg så mykje at administrerande direktør meiner styret må orienterast om det. Tabellen under viser korleis endringane som følgje av årsrekneskapan for 2017 endrar finansieringsgrunnlaget for investeringar i 2018.

<b>Effekt av årsrekneskapan for 2017</b>	
+/- Likviditet overført frå førre år	-32 554
Resultatforbetring 2017	38 959
Lågare avskrivningar enn i prognose	-1 270
	<b>5 135</b>

I budsjettet vart det lagt til grunn eit underskot for 2017 på 12.5 millionar kroner, medan sluttresultatet vart positivt med 26,5 millionar kroner. Det aukar finansieringsgrunnlaget med 39.0 millionar kroner. Samstundes hadde vi lågare avskrivningar i 2017 enn føresett i

prognosen. Dermed aukar likviditeten (finansieringsevna) overført frå førre år med 37,7 mill. kroner. Ettersom Helse Førde har hatt denne utviklinga er det administrerande direktør si vurdering av det førebels ikkje er behov for å be Helse Vest RHF om lån jf. punkt 2 i styret sitt vedtak i sak 095/2017 Investeringsbudsjett 2018.

Endringar i kontantstraumen til å dekke investeringar er sett opp i tabellen under.

<b>Kontantstrøm til å dekke investeringar: (tal i tusen kroner)</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Ny 2018</b>
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	28 000	28 000
+ Avskrivning	76 000	76 000
= Kontantstrøm frå drifta	104 000	104 000
- Avdrag lån	-11 369	-11 369
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-12 648	-12 648
+ Sal driftsmidlar		
+/- Likviditet overført frå førre år	-32 554	5 135
+/- Likviditet overført til neste år	0	0
= Kontantstrøm etter finans og justeringar førre år	47 429	85 118
+ Opptak av nye lån Nye Førde Sjukehus	45 010	45 010
+ Avtale om mulig opptak av lån frå Helse Vest	35 000	
Finansieringsgrunnlag investeringar	127 439	130 128

### Kommentarar

Dei endra føresetnadene er positive for Helse Førde si evne til å investere.

Investeringsbudsjettet har vore stramt over mange år, noko som også har vore nødvendig. Betra føresetnader betyr ikkje nødvendigvis at pengane skal settast inn i nye investeringar allereie i 2018. Føretaket har store og krevjande investeringar framfor seg, mellom anna i nye Førde sjukehus.

Administrerande direktør vil likevel løfte fram to investeringsobjekt som kan lette driftssituasjonen. Det eine er ny varmesentral i Lærdal som kan vere gunstig å få på plass i samband med installeringa av MR i sjukehuset. Den gamle sentralen er 50 år. Innhenta overslag indikerer ein kostnad på omlag 7,1 millionar kroner for ny sentral. Ny sentral betyr at kostnad til kjøling på ny MR kan reduserast med omlag 400 000 kroner, og det er rekna med eit ENOVA-tilskot på vel 300 000. Ein ny varmesentral vil gje reduserte energikostnader, og kan vere spart inn i ein periode på sju-ti år.

Det andre investeringsobjektet er ny fulldigital røntgenlab (DR-lab) på Nordfjord sjukehus. Der har det kome inn eit tilbod på 6,2 millionar kroner, noko som er 1,25 millionar kroner over budsjett. I følgje MTA-avdelinga gir dette likevel gevinstar på sikt:

- Fase ut mobilt røntgenapparat av gammel teknologi som vil gje innsparing på 1,5 mill. i framtidig investeringskostnad og kjøp av nye bildeplater til ein total kostnad på 60 000 kroner. I tillegg sparer føretaket ein servicekostnad på 60 000 kroner per år.
- HMS, ergonomi
- Betra diagnostisk kvalitet

Begge desse objekta er gode eksempel på investeringar som kan gi gode gevinstar. Administrerande direktør ønskjer nytte dei betra føresetnadene til å gjennomføre investeringa i DR-laben. Kostnadene til varmesentralen må kvalitetssikrast noko meir før avgjerd, men på grunn av samanhengen med MR-prosjektet bør det få prioritet.

Då styret handsama investeringsbudsjettet for 2018 bad styret administrerande direktør leggje fram femårig investeringsplan til styremøtet i juni 2018. Andre oppdateringar og endringar vil eventuelt bli omtala i den saka.

### **Konklusjon**

Føresetnadene for investeringsbudsjettet 2018 er betra etter at det vart vedteke av styret i desember 2017. Dei skisserte investeringane i varmesentral i Lærdal og ein litt dyrare variant av DR-lab på Nordfjord sjukehus ser begge ut til å gje monalege gevinstar. Investeringa i DR-laben bør gjennomførast, medan kostnaden i varmesentralen må kvalitetssikrast noko meir før investeringsvedtak. Ei omdisponering av midlane avsett til investeringar i Bygg aust vil dekke desse to prosjekta. I tillegg ønskjer administrerande direktør å auke ramma noko i forhold til anna tiltrengt medisinsk teknisk utstyr.